



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

Februar 1978

32. årg.

Andre har han hjelpt, Seg sjølv kan han ikkje hjelpa

Matt. 27.42

Det er på Golgata desse orda vert uttala, og det er Jesu fiendar som seier dei. På nytt i denne fastetida vart eg velsigna av desse spottar-orða. Andre har han hjelpt; ja kva anna er det vi les om i evangelia om Jesus. Han gav synet til blinde, høyrsla til døve, han gjorde spillsjuke reine. Ja, vi finn han til og med på gravkanten og kallar døde fram or gravene. Og han tok i mot syndarar. Jau, i sanning andre har han hjelpt. Men kan han hjelpa seg sjølv? Kva var det han sa til Peter då han i sin iver greip til sverdet i hagen? «Trur du ikkje eg kunne

beda Far min, og han ville senda meg meir enn 12 legionar med englar» Matt. 26.53.

«Kven leitar de etter», sa han til dei som var komne for å gripa han. Johs. 18.4. Og av desse orða frå Frelsaens munn, fell dei til jorda.

Ein har sagt det slik: «Når Jesus hin Langfredags morgon gjekk på Jerusalems-gater med korset over sine skuld-rar, kunne berre ei bøn eller ein tanke opp til Far ha forandra korset til ein himmelstige som han kunne vandra på heim til Himmelen». Men det var berre det at denne bøna eller denne

-
- Nye gåver til kyrkjesalen (s. 3)
 - Kyrkjestatistikk 1977 (s. 4)
 - Korleis fungerer den nye liturgien (s. 3)
 - Minneord om Rasmus Hausle, Sigurd Sandal og Margreta Kaastad.

tanken kom ikkje. Så er spottar-orda sanne, — velsigna sanne. Jesus kunne nok ha stege ned frå korset. Gud kunne ha sendt meir enn 12 legionar englar. Men Jesus kunne ikkje både hjelpe seg sjølv og frelsa oss.

Og så valde han det siste. «Han gikk for meg en blodig sti, og jeg som skyldig var, slapp fri». Det er ein som har sagt det slik: — og i lys frå Bibelen veit vi at det er sant — «Det var ikkje naglane som heldt Jesus fast til korset, men det var kjærleiken. Kjærleiken til ei fortapt menneskeslekt, kjærleiken til deg og meg. Les oppatt det som står i den vesle Bibel, Johs. 3.16.

Og vegen til Golgata gjekk Jesus frivillig. Det vil seia: det var kjærleiken til deg og meg som dreiv han til å gjera det. Paul Gerhardt har tenkt seg ein samtale mellom Faderen og Sonen: «Gå hen min kjære sønn og lid, for den som inntil evig tid i verden skulle være». S. Boken nr. 561, vers 2. Og Jesus sitt svar i vers 3. «Ja, Fader ja, av hjertets grunn, la ske som du vil skikke. La komme kun den bitre stund. Jeg dødens kalk vil drikke».

Han var lydig alt til døden på krossen, seier Paulus. Fil. 2.8. Kva dette kosta for Jesus, kan vi vel ikkje fullt ut forstå her nede, men at det ikkje var noko lett veg, det veit vi. Men vi har så lett for å gløyma det.

«O, la aldri nogensinne, korsets tre meg gå av minne, som deg Frelsens fyrste bar. Men la kors og død og smerte, tale, rope til mitt hjerte, hva min frelse kostet har». S. Boken nr. 568 vers 6.

Så er det godt å lesa E. 53. Der seier profeten i vers 10, at det behagde Gud å krassa han. Du, for ein kjærleik!

«Om du Guds kjærleik grant vil sjå, til Golgata du ganga må», seier songaren.

Kvifor gjorde Jesus dette? For at vi ikkje skulle gå fortapt. På Golgata er det at den uskuldige lid for dei skuldige. Her på krossen er det at han slær fiendskapen i hel. Når Adam og Eva har falle i synd, lagar Gud skinnkjolar til dei. Men for at Gud kunne gjera det, må eit uskuldig dyr lata livet. Og så går det som ein raud tråd gjennom Bibelen, at den uskuldige må døye for den skuldige. Jau, spottarord frå Jesus fiendar er velsigna sanne.

«ANDRE HAR HAN HJELPT, SEG SJØLV KAN HAN IKKJE HJELPA».

Gunnar Rene.

Soknerådsformenn

Vaksdal: Jacob Kalleklev (form.)

Albert Tolås (n.form.)

Dale: Lasse Vassenden (form.)

Lars Ragnvaldsen (n.form.)

Bergsdalen: Per Småbrekke (form.)

Per Hatlestad (n.form.)

Stamnes: Karsten Kulshammer (f.m.)

Johannes Kaland (n.form.)

Flatekval: Brita Finne Lavik (form.)

Gunnvor Tyssen (n.form.)

Nesheim: Johan J. Gullbrå (orm.)

Gyda Trefall (n.form.)

Hausvik og Faugstad ¼

Vaksdal

Telefon 3603.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.

Medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73. Bankgiro 3500.50.13117.

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

Takk

Til nyttår var det kome inn til Kyrkjesal ved Dale Kyrkje kr. 14.620,95. Etter nyttår er det kome to gåver, ei på kr. 1.500,—, og ei på kr. 3.000,—. Samla sum er då no kr. 19.120,95. Me takkar hjarteleg for desse gåvene!

Ved sida av dette, samlar Kyrkjeforeininga og inn midlar til Kyrkjesalen. Det var Kyrkjeforeininga som i fjor kjøpte piano til om lag 12.000,—. Dette står no i Kyrkje, men skal stå i Kyrkjesalen når den vert bygd.

Gåver til Kyrkjesal ved Dale Kyrkje, kan gjevast til soknepresten, eller settast inn direkte på konto for dette formålet i Bruvik Sparebank.

Me takkar alle glade gjevarar, og vonar at dette mykje turvande tilbygg til Dale Kyrkje, ikkje me venta mykje lenger.

L. Bj.

A. L. VATLE
DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

Den nye høgmesse - liturgien

Vi har i vårt sogn hatt den nye høgmesseliturgien i bruk i våre menigheter siden innføringsdagen 1. s. i advent.

Hvordan har så erfaringene vært i denne første tiden, sett fra organisertens synspunkt?

Først må vi si at vi er glade for at alle våre menigheter har tatt den nye liturgien i bruk. Vi vet jo at det var adgang til å søke om utsettelse, men likevel innføre liturgien etter en tid. At ingen menigheter søkte om utsettelse synes vi er bra, begrunnet med at variasjonsmulighetene og tillegg vil komme i løpet av et par år og da vil innføringsarbeidet ikke bli så voldsomt med så mye nytt. Innføringen har igrunnen gått over allt forventning i vårt sogn. Man føler at menigheten er med på en annen måte enn før, ikke minst takket være: Ordning for Høgmessa som alle får brukt i gudsteneste og følge med i fra ledd til ledd. Litt øving med kor/menighet har det jo vært for noen av oss, men dette er bare bra og samtidig er utfordring som vi må gripe. Debatten omkring denne nye Høymesseliturgien har gått til dels sterkt over vårt land, men det ser ut at det hele har kulminert og tiden vil vise om denne liturgien er levedyktig. Men en ting er sikkert: Høymessen burde være menighetens hovedsamling og alt kristent liv/arbeid renne ut av det fellesskapet vi får gjennom den. Så vi vil oppfordre alle i vårt sogn om å møte til menighetens fellesskap, slik at vi kan feire vår høymesse med rik glede, til Guds ære.

L. B.

Kyrkjestatistikk for 1977

	Dale/		Stamnes/	Flatekval/	Tils.
	Bergsdalen	Vaksdal	Eidsland	Nesheim	
Fødde	21 (28)	10 (13)	3 (12)	2 (3)	36 (56)
Døypte	20 (35)	15 (19)	9 (16)	3 (4)	36 (74)
Konfirmerte	35 (37)	17 (17)	13 (20)	4 (5)	69 (79)
Eketeskap	12 (11)	1 (10)	1 (6)	0 (1)	14 (27)
Jordfeste	21 (28)	12 (17)	12 (13)	3 (5)	48 (63)
Nattverd	360 (459)	445 (348)	336 (321)	182 (179)	1323 (1307)

At falketalet i kommunen går attende gjer seg og utslag i kyrkjestatistikken. Talet på fødd og dei kyrkjelege handlingane elles har gått mykje attende. Når det gjeld nattverdsgjesting har det vore ein auke som me ser på med glede. Det har vore to utmeldingar or kyrkja det siste året. Ofringane har gått noko attende etter dei tala me har, men i røynda vil dei ligge noko høgare då alle summane

ikkje er kome med i statistikken.

Dale kyrkje	kr. 15.730,—	(16.067,—)
Bergsd. kyrkje	1.502,—	(1.068,—)
Vaksdal kyrkje	20.136,—	(23.091,—)
Stamnes kyrkje	11.688,—	(14.985,—)
Eidsland kyrkje	6.912,—	(3.262,—)
Flatekval kyrkje	2.474,—	(2.429,—)
Nesheim kyrkje	4.378,—	(3.758,—)

Tilsaman kr. 62.820,— (64.660,—)

Minneord

Lærer og klokkar Rasmus Hausle har fått heimlov. Bodskapen kom ikkje uventa, då vi visste at han har vore sjuk i lengre tid. Hausle fekk ein stor del av sin arbeidsdag i Vaksdal Kommune, først som lærar på Eidsland, og seinare som lærar og klokkar på Vaksdal. I heile 28 år var han å sjå i klokkarstolen i Vaksdal Kyrkje når det var gudsteneste eller kyrkjelege handlingar. Han var og i mange år formann i Det Norske Misjonsselskap på Vaksdal. Etter oppnådd aldersgrense i skulen, flytte han til Fana. Han døydde 18. januar, og vart gravlagd frå Fana Kyrkje 24. januar. Me takkar for trufast teneste i Kyrkja, og lyser fred over hans minne.

L. Bj.

Sigurd Sandal

Mellom dei mange som fylte kyrkja på Stamnes julekvelden, var og Sigurd Sandal. Som trufast ven av kyrkja og kyrkjelyden var han alltid å finna i kyrkja når folk samlast der om Guds ord og nattverd. Så kom han ogso julekvelden, men dette blei siste gongen han var i kyrkja. Ut på ettermiddagen blei han dårleg, og sjølv julekvelden fekk han flytta heim til den store fest der alle Guds born samlast.

Mange var dei som fylgde han til grava den 30. desember, og samlast til minnemøte etterpå. Han var ein dyktig, fredsæl og alltid hjelpsam mann, var vitnemålet hans sambygdingar gav han. Djupt vert han sakna i heimen, i kyrkja og i bygda. Me lyser fred over hans minne.

Jeg glemmer ei

Som mange andre, måtte eg ei tid av dei fyrste krigsåra, ut på det ein då kalla «tyskararbeid». Då det var dårleg med «Kommunikasjonar» i den tida, måtte sume av oss, for å koma fram til stader der me skulde arbeida, få oss husvære i Bergen. Her ifrå, vart me so kvar morgon saman med mange andre henta av ein stor tysk lastebil. I den vart me stua inn. Svarte presenningar vart trekt over, og so bar det i veg.

Det var folk av mange slag som vart stua saman i desse arbeidslaga, og aldri før hadde eg høyrte so mykje banning, så mykje rått snakk, som eg fekk høyre på desse «turane».

Men i eit av arbeidslaga var der ein undarleg kar. Hans heitte han. Røleg, og alltid med ein lun smil over andletet gjekk han omkring. Det hende stundom at me fekk Hans til å syngje for oss. Då la han spaden frå seg, steig opp på ein stein eller stubbe, og so song han. Det var ofte ei vise om ein negerslave. Om slaven si lengt etter fridom, og etter himmelen. For oss var det ei mykje aktuell vise, dette om fridom.

Det vart vinter. Snø hadde falle. So vart det mildver, og vegane vart til reine ishálken. Ein dag måtte alle arbeide ekstra lenge. Det var blitt myrk kveld, då me tilsist fekk ta plass i den gamle bussen, ein no hadde fenge til å frakte oss med. Etter mykje bråk og banning, kom me oss avgårde i den myrke kvelden. Alle var me trøytt, og alle var svoltne.

Då bussen var komen opp på fjellet som vegen gjekk over, sa det stopp. Motoren vilde ikkje meir. Det vart eit

«svare rabalder». Då bannskap og skral stilna av, var det ein som ropa «Syng en sang for oss Hansemann». Det vart stille ei stund. So reiste Hans seg opp frå sætet. Med hendene heldt han seg fast i sætet frammanfor, og so tok Hans til å syngje «Hin time i Getsemane, Jeg aldri glemme kan, Da jeg i angstens blodig sved, fikk se Deg Gud og mann» Jeg glemmer ei, jeg glemmer ei din ve. Da jeg deg så i angst på kne hist i Getsemane.

Det blei så undarleg stille i bussen. Berre Hans skjelvande røyst. «Jeg glemmer ei, jeg glemmer ei». Då Hans var i ferd med å take til på andre verset var det ein som rapa. «Hold opp med den syngingen Hans, — vi kan ikke høre på slike sanger, Ti still og sett deg ned». Av dei som sat ved sida vart Hans trekt ned igjen i sætet, og so vart det stille. Før noko meir hende vart me kommandert ut av bussen. I stummande myrker, og på islagde vegar skulde me prøve å kome oss fram til folk for å få lånt telefon, slik at me med annan buss eller bil kunne kome oss vidare til Bergen.

Det hender stundom no at eg går forbi flokkar av unge jenter og gutar som står og har det morro langs med vegen. Då har det hendt at eg høyrer dei brukar slike simple ord og uttrykk som eg høyrde då eg vart frakta på lastebil, i krigstida. Då er det som eg får ein «støkk» i meg. Turane i den svarte lastebilen og alt det vonde som eg der høyrde, står med eit for meg, men midt i heile det virvare av vonde og stygge ord, er det som eg ennå kan høyra den skjelvande røysta til Hans «Jeg glemmer ei, jeg glemmer ei din ve, da jeg deg så i angst på kne hist i Getsemane. Trygve Hvidsten.

Margrete Kaastad

— Til minne —



Frå vener i Stamnes har eg ved juletid fått vita at Margreta Kaastad har gått bort og inn til kvila.

Med nokre minneord vil eg gjerne slutta meg til dei mange i heile prestegjeldet som minnest Margreta Kaastad med takk for alt godt ho gjorde i heimen sin og for bygda. Ho sukka ikkje for å ta eit tak kva oppgåve ho vart sett til. Ho var aktiv med i misjonsarbeid, husmorlag og sokneråd, og ho var med i byggjenemnda for Stamnes bedehus. Ei tid var ho også styrar på Dale Gamleheim.

Det var særleg i Stamnes sokneråd at eg lærde Margreta Kaastad å kjenna, og likeein frå den tida ho arbeidde på Dale Gamleheim. I soknerådet var

ho alltid positiv og gjekk inn for oppgaver som var framme og var med på det fullt og heilt. Ho ofra mykje av si tid i det stille både for kyrkja og bedehuset. På Dale Gamleheim synte ho stor og varm omsut for dei eldre og sjuke. Med sitt gode humør og humoristiske sans gjorde ho det gildt både for dei som var på heimen og for oss andre som no og då vitja heimen. Slik òg i heimen hennar på Stamnes. Det råde gjestmilde i den harmoniske heimen til Margreta og Anders Kaastad. Ein merka pulsslaget av ein hos og varm kristen heim. Slike minne lever i hugen om Margreta Kaastad, og Anders Kaastad skal vita at også han er med i desse varme minna.

Gudmund Skiftun.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Torben Hilland, fødd 29/6 1977, døypt 20/11 1977 i Bolstad.

BERGSDALEN:

Signe Gjuvsland, fødd 3/10 1977, døypt 29/1 1978.

STAMNES:

Frode Dankertsen, fødd 12/12 1977, døypt 29/1 1978.

VIGDE:

DALE:

Bjørn Johannes Bruvik og Oddrun Marie Blom, vigde 28/1 1978.

STAMNES:

Jan Piekut og Astrid Grøsvik, vigde 4/2 1978.

VAKSDAL:

Olav Nils Dalheim og Bente Karin Jensen, vigde 14/1 1978.

Innkomne bladpengar

20/9 — 31/12 1977

Inger Farestveit, Vaksdal kr.	230,—
Bjarne Thaule, Dale	» 200,—
Eksingedalen sokneråd	» 310,—
Bergsdalen sokneråd	» 230,—
Arthur Jakobsen, Eidsland	» 340,—
Direkte til kasseraren:	
Dale sokn	» 2.810,—
Vaksdal sokn	» 2.555,—
Stamnes sokn	» 460,—
Utanbygds tingarar	» 20,—

Med helsing og takk.

Kasseraren.

For 1978 vil det verta sendt ut innbetalingskort i posten til alle husstander i heile prestegjeldet. Det vert då slutt med anna form for innkrevjing av bladpengane. Me vil få takka alle dei som har streva og samla inn pengar i årevis. Så vil me vona at tingarane vil nytta innbetalingskortet når det kjem, slik at me framleis får inn nok pengar til å prenta og senda ut bladet for.

De som har betalt for 1978 kan berre kasta innbetalingskortet.

R. T.

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam

Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull meterverar
Strikke- jakker og gensere

Voss Samvirkeleg

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET

Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN

«Men dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urett».

Velkomen til Kyrkja

3. søndag i faste, 26. mars, (Luk. 4.31-37):

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

Nattverd.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00. Fastegudsteneste ved sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Onsdag 1. mars:

Stanghelle bedehus kl. 19.30. Fastemøte ved sokneprest Bjørsvik.

Bukkestein kl. 18.30. Fastemøte ved sokneprest Steinnes.

4. søndag i faste, 5. mars, (Joh. 6.24-36):

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Innsetjing.

Eidsland kyrkje kl. 17.00. Fastegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Nattverd.

Torsdag 9. mars:

Dale kyrkje kl. 19.30. Fastegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Dale kyrkjekor.

Maria bodskapsdag, 12. mars, (Lk. 1.46-55):

Dale kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Sønngskulen: Ungdomskoret syng. Offer. Innlevering av fastebøsser.

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Bjørsvik. Ungdomskoret syng. Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Bjørsvik. Ungdomskoret syng. Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

Offer. Innlevering av fastebøsser.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, telefon 2421	Frå	Til
Måndag, tysdag, onsdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.30

VAKSDAL, telefon 3605		
Tysdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.00

STAMNES, telefon 8015		
Måndag	9.30	14.00

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTIS
SKOFORRETNING**

Dalekvam

RADIOSPECIALEN $\frac{1}{2}$

Tlf. 2240 DALKEVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN $\frac{1}{2}$

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTA

Arth. og Arne Vaksdal

HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Vaksdal koop. Handelslag

VAKSDAL

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

Kjøp i Dykkar eigen forretning